



Arkivsak: 19/159
Journalpost: 19/1932
Saksbehandlar: Rose Mari Refsnes
Dato: 16.09.2019

Saksframlegg

Høyring - Forskrift om nedgravne oljetankar

Saksnummer:	Utval:	Dato:
053/19	Arbeidsutval nye Ålesund	25.09.2019

053/19 - Arbeidsutval nye Ålesund - Vedtak:

Arbeidsutval nye Ålesund vedtek med heimel i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensing (Forurensningsforskriften) kapittel 1, jf. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) § 9 første ledd nr. 3, å leggje forslag til *Forskrift om nedgravne oljetankar* ut til offentlig ettersyn, i minimum 6 veker, med høyringsfrist 11.11.2019.

Behandling:

Prosjektleiar sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå prosjektleiar:

Arbeidsutval nye Ålesund vedtek med heimel i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensing (Forurensningsforskriften) kapittel 1, jf. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) § 9 første ledd nr. 3, å leggje forslag til *Forskrift om nedgravne oljetankar* ut til offentlig ettersyn, i minimum 6 veker, med høyringsfrist 11.11.2019.

Saksutgreiing:

Nedgravne oljetankar representerer ei aukande kjelde til ureining av grunnen. Ein stor del av tankane er ståltankar lagt ned på 1960- og 70-talet. Tankane og tilkopla røyrsystem vert utsett for både innvendig og utvendig korrosjon. Dei mest alvorlege problema oppstår ved forureining av grunn og vassressursar, men innemiljø i hus kan òg bli skadelidande ved lekkasjar frå slike tankar.

Miljødirektoratet oppmodar alle kommunar, som i dag ikkje har lokal forskrift for nedgravne oljetankar, om å vedta ei slik forskrift så snart som mogleg. Miljødirektoratet oppmodar òg kommunen om å inkludere nedgravne tankar som er mindre enn 3200 liter i verkeområdet for den lokale forskrifta.

Bakgrunnen for dette er at forbodet mot fyring med mineralolje, som trer i kraft i 01.01.2020, vil føre til at ei auka mengd med tankar skal takast ut av bruk og sanerast dei nærmaste åra.

Det er foreslått endringar i forureiningsforskrifta kapittel 1, blant anna for å sikre nasjonale krav til desse tankane. Det er uvisst kor lang tid det vil ta før endringar i forskrifta vil bli vedtatt.

Kommunen er myndigheit for desse tankane uansett om dei har ei lokal forskrift eller ikkje, men ei lokal forskrift vil gje tydlege krav for tankeigarar i kommunen og lette kommunen si saksbehandling.

Vurdering:

Forureiningsforskrifta kapittel 1 (*Tiltak for å motvirke fare for forurensning frå nedgravde oljetankar*) er ei frivillig forskrift for kommunen. Forskrifta trer berre i kraft dersom kommunestyret vedtar det ved å fastsette ei lokal forskrift, jamfør § 1-2.

Miljødirektoratet oppmodar kommunar til å fastsette forskrifta sjølv om det ikkje er særlege forhold i kommunen som gjer grunn til å tru at nedgravne oljetankar vil føre til betydeleg skade eller ulempe.

Ved fastsetting skal kommunestyret ta stilling til verkeområdet for forskrifta. Dette inkluderer

- kva størrelse på tankar som skal omfattast
- kva for områder i kommunen forskrifta skal gjelde for

Kommunestyret kan òg fastsette at det ikkje er lov å ha nedgravne tankar i visse områder i kommunen.

For å forenkle saksbehandling og tilsyn/ kontroll innanfor området og etterkome Miljødirektoratet si oppmoding om å vedta lokal forskrift, er det no utarbeidd eit forslag til lokal *Forskrift om nedgravne oljetankar* som skal gjelde for nye Ålesund etter kommunesamanslåinga frå 01.01.2020.

Ålesund kommune har tidligare vedtatt ei slik lokal forskrift, men det nye forslaget til forskrift er forenkla, og forutan virkeområde blir det vist til kapittel 1 i *Forurensningsforskriften*.

Dei andre kommunane som skal inn i nye Ålesund har ikkje vedtatt lokal forskrift innanfor dette området.

Økonomiske konsekvensar

Saksbehandling og tilsyn/kontroll med nedgravne oljetankar er ikkje gebyrbelagt.

Juridiske konsekvensar

Dersom kommunen ikkje vedtar forskrifta, gjeld altså ikkje *Forurensningsforskriften* kapittel 1, og kommunen kan ikkje handheve desse krava. I staden gjeld forbodet mot forureining i forureiningslova § 7 for tankane. Kommunen har mynde til å føre tilsyn med og følgje opp brot på dette forbodet etter Miljøverndepartementet (no Miljødirektoratet) sitt rundskriv T-5/98.

Konklusjon med grunngjeving

Prosjektleiar tek Miljødirektoratet si oppmoding om å vedta lokal forskrift etter kapittel 1 i *Forurensningsforskriften* om nedgravne oljetankar til følgje. Forskrifta skal seie noko om kva størrelse tankar forskrifta skal gjelde for og kva for områder i kommunen forskrifta skal gjelde for. Ei slik forskrift vil forenkle saksbehandling og tilsyn/ kontroll i saker om nedgravne oljetankar.

Forslag til Forskrift om nedgravne oljetankar skal leggjast ut til høyring, i minimum 6 veker, med høyringsfrist 11.11.2019.

Høyringsfrist er satt slik at det er mogeleg å vedta forskrifta i kommunestyret for nye Ålesund på møtet 12. desember.

Høyringsinnspel kan sendast til Nye Ålesund, Postboks 1521, 6025 Ålesund eller digitalt på e-post til post.nyealesund@alesund.kommune.no.

Astrid Eidsvik
prosjektleiar

Utrykte dokument i saka:

Vedlegg:

17.09.2019	Forskrift om nedgravne oljetankar	1330627
17.09.2019	Forurensningsforskriften kapittel 1	1330628